



Helse Førde HF
Kirurgisk klinikk
Avdeling for akuttmedisin
Ambulansetenesta

Besøksadresse:
Svanehaugvegen 2,
Prehospitalt bygg
6812 FØRDE

Postadresse:
Postboks 1000
6807 Førde

Telefon: 57 83 90 00

post@helse-forde.no

www.helse-forde.no

Org.nr: 983 974 732

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Opplæringsavdelinga

6863 LEIKANGER

Vår ref: (oppgjve ved kontakt)
2008/845 - 24821/2015

Dykkar ref.:

Saksbeh.: Stian Sægtrov,
tlf: 57831734

FØRDE,
6.10.2015

Innspeil til opplæringstilbodet i ambulanséfag - skuleåret 2016/2017

Elevtalet på ambulanséfaget har vore svingande nokre år, der elevtalet har vore tilpassa tilbodet om læreplassar. I 2014/2015 var det 6 elevplassar, i 2015/2016 er talet auka til 7.


Helse Førde står åleine om å drive ambulansetenesta i Sogn og Fjordane og er premissleverandør for talet læreplassar. I april 2015 signaliserte Helse Førde eit ynskje til opplæringsavdelinga om å få utvida talet elevplassar. Ambulansetenesta har gjort organisatoriske endringar og fått betre stasjonstilhøve på fleire stasjonar, noko som opnar for å ta imot inntil 9 lærlingar i ambulanséfaget årleg. Det er eit ynskje at elevtalet ligg noko over talet læreplassar, då vi ser at det har vore nokre fråfall i utdanningsløpet.

Behovet for fleire lærlingar skuldast m.a. at revidert akuttmedisinforskrift tredde i kraft våren 2015. Forskrifta har fleire skjerpa kompetansekrav for tilsette med overgangsordningar som går ut i 2018. Frå 2018 må begge på ambulansebil har autorisasjon som helsepersonell, minimum ein av desse ambulansesarbeidarar. I praksis ser vi for oss at dette er anten to ambulansesarbeidarar, ev ein av desse som sjukepleiar. Det vil ikkje lenger vere råd å rekruttere personell til ambulansetenesta som ikkje er i eit helsefageleg utdanningsløp. Det er difor viktig for Helse Førde at talet lærlingar kan aukast for å møte framtidige behov.

For Helse Førde er det og viktig at vi kan møte framtidige utfordringar med omsyn til å rekruttere menn. Erfaringar siste år er at det med få unntak er berre kvinner som kjem inn utdanningsløp for ambulanséfag. Fleire av desse søkjer seg etter endt utdanning til anna helsefageleg utdanning. Det er såleis ei oppmoding om at ein ser nærare på problemstillinga i fellesskap for å få ei meir kjønnsbalansert fordeling, ev å vurdere andre inntakskriterium enn berre karakter.

Vonar dette let seg gjere å ta omsyn til ved inntaket til hausten 2015.

Med helsing


Stian Sægtrov
ambulansesjef